



## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
18/029	KOMITE FOR LANDBRUK - TEKNIKK OG MILJØ	22.11.2018
18/079	FORMANNSKAPET	29.11.2018
18/053	KOMMUNESTYRET	13.12.2018

## Betalinssatsar, kommunale gebyr 2019

### Vedlegg i saka:

08.11.2018	Alden Hamneområde Sakshandsamingsgebyr_2019	96433
08.11.2018	AVGIFTSREGULATIV_2019_alden	96434
23.10.2018	Gebyrforskrift renovasjon og slam gjeldande frå 1. januar 2019	95860
23.10.2018	Protokoll representantskapet budsjettmøte 19 okt 2018	95861
12.11.2018	Framlegg til gebyrsatsar 2019, vatn, avløp og feiing	96498
08.11.2018	Framlegg- Gebyr 2019 - prislste oppmålingsgebyr	96424
12.11.2018	Framlegg- gebyrregulativ for byggesak 2019	96473
12.11.2018	Framlegg til gebyr 2019 - plansaker	96474

### TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek gebyr og avgifter for området teknisk, plan og næring år 2019, etter følgjande vedlegg.

- «Gebyr VA og feiing mm 2019»
- «Byggesaksgebyr 2019»
- «Gebyr plansaker 2019»
- «Gebyr oppmåling 2019»
- «Alden Hamneområde – Avgiftsregulativ 2019»
- «Alden Hamneområde – Sakshandsamingsgebyr 2019»
- «SUM - IKS: Gebyrforskrift tømning slamavskillarar»
- «SUM IKS – Renovasjonsforskrifta
- «Betalingstenester for Landbrukssektoren» I samsvar med saksutgreiinga»
- «Saker etter jordlova og konsesjonslova» I samsvar med saksutgreiinga»

Gebyr og avgifter innan området plan, teknisk og næring publiserast på heimesida til kommunen, slik at dei gjerast tilgjengeleg for publikum.

## **22.11.2018 KOMITE FOR LANDBRUK - TEKNIKK OG MILJØ**

### **Handsaming:**

#### **KLTM-18/029 Vedtak:**

Tilrådinga vert vedteken.

## **29.11.2018 FORMANNSKAPET**

### **Handsaming:**

Tilrådinga samrøystes vedteken

**Saksordførar** : Steinar Kvame

#### **F-18/079 Vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak;**

Kommunestyret vedtek gebyr og avgifter for området teknisk, plan og næring år 2019, etter følgjande vedlegg. ·

«Gebyr VA og feiing mm 2019» ·

«Byggesaksgebyr 2019» ·

«Gebyr plansaker 2019» ·

«Gebyr oppmåling 2019» ·

«Alden Hamneområde – Avgiftsregulativ 2019» ·

«Alden Hamneområde – Sakshandsamingsgebyr 2019» ·

«SUM - IKS: Gebyrforkrift tømning slamavskillarar» ·

«SUM IKS – Renovasjonsforskrifta ·

«Betalingsstenester for Landbrukssektoren» I samsvar med saksutgreiinga» ·

«Saker etter jordlova og konsesjonslova» I samsvar med saksutgreiinga»

Gebyr og avgifter innan området plan, teknisk og næring publiserast på heimesida til kommunen, slik at dei gjerast tilgjengeleg for publikum.

## **13.12.2018 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **K-18/053 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek gebyr og avgifter for området teknisk, plan og næring år 2019, etter følgjande vedlegg.

- «Gebyr VA og feiing mm 2019»
- «Byggesaksgebyr 2019»
- «Gebyr plansaker 2019»
- «Gebyr oppmåling 2019»
- «Alden Hamneområde – Avgiftsregulativ 2019»
- «Alden Hamneområde – Sakshandsamingsgebyr 2019»
- «SUM - IKS: Gebyrforkrift tømning slamavskillarar»
- «SUM IKS – Renovasjonsforskrifta
- «Betalingstenester for Landbrukssektoren» I samsvar med saksutgreiinga»
- «Saker etter jordlova og konsesjonslova» I samsvar med saksutgreiinga»

Gebyr og avgifter innan området plan, teknisk og næring publiserast på heimesida til kommunen, slik at dei gjerast tilgjengeleg for publikum.

### **Saksopplysningar:**

Fastsetjing av kommunale gebyr innanfor sjølvkostområda skal årleg handsamast av kommunestyret. Dei kommunane med samarbeid om økonomi- og rekneskapstenester har utarbeida ein felles modell for utrekning av sjølvkost for slike tenester, definert som den meirkostnaden kommunen blir påført ved å levere desse tenestene.

For renovasjon og slamavgiftene er kravet om 100% fastsett etter sjølvkostprinsippet, men området vert styrt av SUM (Sunnfjord Miljøverk IKS). Det skjer utan at rådmannen har noko innverknad på verken inntekter eller utgifter.

For vatn- og avløpsavgifter skal det no vere inntil 100% dekking etter sjølvkostprinsippet.

For nokre områder med få saker/type saker pr. år har slike berekningar ei viss usikkerheit. Dette gjeld områda plansaker, byggesaker og matrikkel saker. Overordna vurderingar tilseier at gebyrnivået ligg innanfor sjølvkost.

Det vert elles fastsett gebyr innan konsesjons- og delingssaker etter jordlova, evt Andre jordlovssaker og tenester/rådgjeving på landbrukssektoren.

### **Oppsummert:**

#### **Vatn og Avlaup:**

Rådmannen legg til grunn at kostnaden for vatn og avløp skal refunderast fullt ut, etter dei retningslinjer som er gitt for sjølvkostkalkyler.

Heile gebyrområdet vil vere uforandra samanlikna med 2018. For meir informasjon sjå vedlagt forskrift.

- Vatn: Tilknyting – Uforandra
- Kloakk: tilknyting - Uforandra
- Vatn: Abonnement- og forbruksgebyr – uforandra
- Kloakk: Abonnement- og forbruksgebyr – uforandra
- Feiing: Uforandra

#### **Renovasjonsgebyr og gebyr for slamtømming:**

SUM IKS peiker på at avgiftsnivået vil i stor grad bli vidareført, samanlikna med år 2018.

Endring er ei auka rabatt for kompostering til kr 410- eks moms. Andre endringar er å finne i tabellane under:

2019:

Årleg gebyr for toming etter oppsett tomeplan og varsling. I tillegg til prisane kjem mva.					
1	2	3	4	5	6
Årleg gebyr/stk	Årleg gebyr / pr. stk	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank	Pris pr. stk.	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank
Slamavskiljarar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> , bustadar, Toming kvart 2. år	Slamavskiljarar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> , bustadar utan tilknytt toalett og friddshus med og utan toalett. Toming kvart 4. år	Slamavskiljarar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming kvart 2. år	Slamavskiljarar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år	Tette oppsamlings-tankar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år	Tette oppsamlings-tankar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år.
Kr 1.202,-	Kr 646,-	Kr 416,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum	Kr 822,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum	Kr 1974,-	Kr 977,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum

## 2018:

Årleg gebyr for toming etter oppsett tomeplan og varsling. I tillegg til prisane kjem mva.					
1	2	3	4	5	6
Årleg gebyr/stk	Årleg gebyr / pr. stk	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank	Pris pr. stk.	Pris pr. m <sup>3</sup> registrert totalvolum tank
Slamavskiljarar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> , bustadar, Toming kvart 2. år	Slamavskiljarar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> , bustadar utan tilknytt toalett og friddshus med og utan toalett. Toming kvart 4. år	Slamavskiljarar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming kvart 2. år	Slamavskiljarar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år	Tette oppsamlings-tankar 0 – 4,5 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år	Tette oppsamlings-tankar ≥ 4,5 m <sup>3</sup> ≤ 30 m <sup>3</sup> . Toming 1 gang pr. år.
Kr 852,-	Kr 458,-	Kr 295,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum	Kr 583,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum	Kr 1399,-	Kr 707,- pr. m <sup>3</sup> registrert tankvolum

## Gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova:

Nytt framlegg til forskrift om byggesaksgebyr for saker etter pbl får ei regulert auke på 3.4 %.

Nytt framlegg til forskrift om plansaksgebyr for saker etter pbl får ei justert auke på kr 3.4 %.

## Matrikulere arbeid – oppmåling og deling:

Rådmannen ynskjer at inntektspotensialet skal nyttast for å nå dei økonomiske måla som er sett for seksjonen. I år leggast det opp til ei indeksregulering av gebyra på 1.5 %, og justering etter lovverk.

Gebyrinntekter skal ikkje overstige sjølvkostnivå. Overordna vurderingar tilseier at gebyrnivået ligg innanfor sjølvkostprinsippet.

Betaling for tenester i landbrukssektoren:

Leggjast opp til ei vidareføring i frå 2018-

1. Teknisk planlegging etter særskilt avtale: kr 685,- pr
2. Innsamling og tilrettelegging av data for takst knytt til eigedomsoverdraging, finansiering og arbeid i samband med dette: kr 685,- pr time og etter medgått tid.

## Saker etter jordlova og konsesjonslova:

Konsesjonssaker og delingssaker etter jordlova vert fastsett slik:

Konsesjonssaker:	Enkle/kurante saker kr 2000,- andre saker kr 5000,-
Delingssaker etter Jordlova:	Enkle/kurante saker kr 1000,- andre saker kr 2200,-

Andre saker etter jordlova (nydyrking, bygging av veg etter § 11 m.m.) kr 685,- pr time og etter medgått tid.

Sakshandsaming på andre saker vidareførast til pr time til kr 685,-.

## Saker etter lov om Hamner og farvatn:

### Anløpsavgift 2019

Anløpsavgifta er føreslått redusert frå 0,38 kr/bt i 2018 til 0,35 kr/bt i 2019. Årsaka er sjølvkostmodellen og oppsparte midlar.

Rabatten til farty i kystrutefart (Hurtigruten) er foreslått endra slik at prisen vert 0,18/bt. Dvs ca 50% rabatt, uavhengig av storleik på skip.

### Sakshandsamingsgebyr 2019

Sakshandsamingsgebyr er føreslått endra frå tiltaksklasse 1, 2 og 3 til "enkle saker" (inntil tre

arbeidstimar) og "større saker" (over tre arbeidstimar). Pris for enkle saker vert kr 1700 pr søknad og kr 4100 pr søknad for større saker.

Avgiftsregulativa i sin heilhet er vedlagt saksdokumenta.